

GISMARVIK VINDKRAFT AS
Ullandhaugveien 150
4021 STAVANGER

Vår dato: 28.02.2020
Vår ref.: 200900719-71
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Gismarvik vindkraftverk - vedtak om utsett frist for idriftsetting og forlenging av konsesjonsvarigheit, Tysvær kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 05.02.2020 frå Gismarvik Vindkraft AS om utsett frist for idriftsetting av Gismarvik vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2021 og forlenging av konsesjonsvarigheit frå 25 til 30 år. Gismarvik vindkraftverk er lokalisert i Tysvær kommune, Rogaland fylke.

Anleggskonsesjon for Gismarvik vindkraftverk vart tildelt Gismarvik Vindkraft AS av NVE 30.09.2013. I konsesjonsvilkår nr. 1 vart det sett frist om idriftsetting av anlegget innan 31.12.2020 og ein varigheit på konsesjonen på inntil 25 år frå tidspunktet anlegget vert sett i drift.

Gismarvik Vindkraft AS søker om utsett frist for idriftsetting av Gismarvik vindkraftverk med grunngjeving at sakshandsaminga av detalj og Miljø, transport og anleggsplan (MTA) har tatt lenger tid enn planlagt. Detalj og MTA-plan vart sendt inn til NVE 20.11.2018 og godkjent 05.02.2020. Gismarvik Vindkraft AS meiner det ikkje er mogleg å setta vindparken i drift innan 31.12.2020 grunna for kort frist til å gjennomføra kontraktforhandlingar med leverandørar.

NVE viser til at fristen for idriftsetting av Gismarvik vindkraftverk går ut ved årskiftet. Me konstaterer at det kan bli utfordrande å realisera vindkraftverket i løpet av 10 månadar. NVE finn det rimeleg å gi forlenging av fristen for idriftsetting til 31.12.2021.

Gismarvik Vindkraft AS søker også om å forlenga konsesjonsvarigheita frå 25 til 30 år grunna auka forventet levetid på turbinane på inntil 30 år. I dagens marknad blir turbinar levert med ei teknisk-økonomisk levetid på minst 30 år. Det er normalt ikkje tårn og fundament som er dei komponentane som avgrensar anleggets levetid. NVE erfaring er at venger på turbinane kan skiftast og utbetrast i driftsperioden.

I samsvar med energilova kan konsesjonar til vindkraftverk gis med varigheit inntil 30 år. Med dagens turbinteknologi meiner NVE at det er rasjonelt å gi anleggskonsesjonar for vindkraft med 30 års varigheit.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom det er administrativ praksis å forlenga frist for idriftsetting fram til 31.12.2021.

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Gismarvik Vindkraft AS utsett frist for idriftsetting av Gismarvik vindkraftverk til 31.12.2021 og forlenging av konsesjonsvarigheit frå 25 til 30 år.

NVE legg i vedtaket vekt på at utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket gir tilstrekkeleg tid til å gjennomføra prosjektet på ein god måte. Ei forlenging av konsesjonsvarigheita på fem år vil gi ein betre utnyttingsgrad av vindturbinane ved å ta omsyn auka forventet levetid.

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland
Rogaland fylkeskommune
Tysvær kommune